

Notat

Til: Hovudutval for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Velferdsteknologi – utarbeiding av nytt tverrfagleg programfag innanfor helsefagarbeidarfag og elektrofag.

Energikompetansesenteret AS (EKS) på Nordfjordeid, Stryn og Eid vidaregåande skular har sidan sommaren 2014 hatt eit forplikande prosjektsamarbeid innanfor velferdsteknologi.

Prosjektet har som eit av hovudmåla sine å utvikle eit nytt tverrfagleg programfag i velferdsteknologi som kan mellom anna nyttast innanfor programområda helsefagarbeidarfag og elenergi.

Fylkesdirektøren ynskjer å orientere hovudutvalet for opplæring om det pågåande prosjektet og at det vert sendt ein søknad til Utdanningsdirektoratet om utviklingsmidlar for å utvikle eit nytt tverrfagleg programfag med tilhøyrande læreplan.

Om ein skal søke om eit nytt programfag med tilhøyrande læreplan legg fylkesdirektøren fram ei sak om dette til politisk handsaming. Etter dette skal ein evt. søknad sendast Utdanningsdirektoratet via fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg

1. Prosjektplan
2. Notat frå styringsgruppa til fylkesdirektøren for opplæring datert 23.09.2015
3. Søknad om utviklingsmidlar til utdanningsdirektoratet frå fylkesdirektør for opplæring